



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 322

Sak nr 31/2021

Møtedato: 1.9.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Kommuneplanens arealdel 2020-2028, 2.gongs offentleg ettersyn

### Saksutgreiing til 1. gongs offentleg ettersyn, sak 16/20:

Kommuneplanens arealdel 2020-2028 er lagt ut til 1.gongs offentleg ettersyn. Frist for å gi uttale er 25. mai.


Fjellstyret var i 2018 på felles befaring med formannskapet for å diskutere framtidig arealbruk på Vaset. Fjellstyret gav i sak 16/18 innspel til planen, spesielt for utnytting av areal på Vaset.

Statsallmenningen (utanom Vaset) er i eksisterande kommuneplan definert som særleg verdifult kulturlandskap og dette er vidareført i utkast til ny plan. I området vil det bli ført ein streng dispensasjonspraksis, men bygge- og anleggstiltak direkte i samanheng med landbruksnæring. I gjeldande plan er maksimalt areal for hytter 80 m<sup>2</sup>. I hyttefeltet Baklie, Flydammen og Rislie har det vore ei grense på maksimalt 100 m<sup>2</sup>. Hyttefeltet ved Kvitehaugen har fylgt same reglar som på stølsлага. På Vaset har det vore eige kommunedelplan og bruk av arealet er bestemt gjennom reguleringsplanar. Kommunestyret vedtok i 2015 at det skal vera kurant å få dispensasjon for samla areal inntil 100 m<sup>2</sup>.

Stølslandskapet er definert som eit verdifullt kulturlandskap og utforming av bygningar er ein del av kulturlandskapet. Fjellstyret har tidlegare vore skeptiske til auka areal for hyttene. Endringa som kommunestyret vedtok om dispensasjonspraksis, har i praksis forskottert avgjerd om maksimalt samla hytteareal i ny kommuneplan. Dette er i praksis no avgjort til 100 m<sup>2</sup> BYA. Støls hus har normalt vore lite dominerande i landskapet, medan hytter på 100 m<sup>2</sup> er relativt stort. Ein kan ivareta kulturverdiane ved å avgrense storleik og høge på hus. I gjeldande kommuneplan har avgrensingane på stølsлага vore 80 m<sup>2</sup> for samla bebygd areal og 4,5 m maksimalt mønehøgde over terreng. Om desse føringane blir ført vidare for enkeltbygg, ville ein betre sikre at bygningane ikkje blir for dominerande i stølslandskapet. Høgde kan ev. bli justert til 4,7 m for tilpassing til auka isolasjonskrav. I hyttefeltet, Baklie, Flydammen og Rislie, kan ein bruke framlegget slik det er. Normalt får festarane erstatte same areal som blir rive, sjølv om det er over vedteken arealgrense. I eksisterande plan er det presisert at sanering av uthus utover 80 m<sup>2</sup>, ikkje gjev rett til å bygge på hytta tilsvarande. I nytt planforslag er ikkje presiseringa ført vidare. Tilsvarande presisering bør takast inn i ny kommuneplan.

Det er definert byggeområde for alle hyttefestene. I statsallmenningen er det sett ein sirkel på 1 daa, med hovudhytta som utgangspunkt. Sirkelen vi normalt ikkje vera det som er ei normal tomt, men det er det beste ein kunne få til utan å måle opp arealfeste på tomtene. Ein har registrert at feste 380 ved ein feil har fått definert eit langt større areal enn 1 daa. Ut frå vedlagt kart er det umulig å fastslå om det er fleire feil.

Sel på stølane skal følgje dei same reglar som gjeld for utnytting av fritidsbustader. Maksimalt areal er foreslege til 100 m<sup>2</sup> for hyttene. Fjellstyret har brukt å godkjenne kårsel når stølsbrukar kan dokumentere behov for det. Eit maksimalt areal på sel på 100 m<sup>2</sup>, vil kunne føre til at det blir vanskeleg å få føre opp kårsel. Kommunen har opplyst at dette ikkje skal vera til hinder for å føre opp kårsel, sjølv om det er over 100 m<sup>2</sup>. Om dette er juridisk godt nok ved ei ev. klagesak, er usikkert. Det sikraste vore derfor å endre ordlyd, slik det blir sett eit maksimalt areal for sel og eit maksimalt areal for kårsel. Maksimal storleik på kårsel kan vera tilsvarande det som normalt blir brukt for anneks. Storleik på sel og kårsel, innanfor maksimalgrensa, er det framleis fjellstyret som skal avgjera etter vurdering av behovet ut frå drift.




Vaset er eit satsingsområde for turisme i kommunen og det har kome fleire innspel om å utvide arealet i statsallmenningen til utbygging. I fjellstyret si uttale i 2018, gav fjellstyret signal om kva ein tilrådde for bruk. I fjellstyret si vurdering var det særleg viktig å ta omsyn til landbruksareal og friluftsliv. Eksisterande landbruksareal og muligheit for utviding må sikrast. I framlegget til ny kommuneplan er deler av det teke omsyn til, men ikkje alt fjellstyret gav innspel om.


Kommunen ynskjer å definere ei «fjellgrense» og formålet skal vera at dette skal vera ei fast grense for utbygging for fleire kommuneplanperiodar. Dette kalla bevaring kulturmiljø og er vist med skrå skraver i karet. Det er ikkje aktuelt å ta i bruk LNFR-området utanfor skraver område i denne planperioden, men det kan bli aktuelt seinare. Fjellstyret har i sak 16/18

sagt at ein ynskjer at «fjellgrensa» må følgje eksisterande LNFR-område ned til Vasetvatnet, jf. gjeldande grense i kommunedelplan for Vaset.

Areal sør for bom ved krysset til Kvålstølen: Fjellstyret meinte i sak 16/18 at det var svært viktig å avgrense området slik at det ikkje kjem over «horisonten» sett frå sørvest. Oppleving av å vera i eit «urørt» fjellområde vil då vera intakt. Arealet er redusert i forhold til dei innspel fjellstyret behandla, men det er framleis for høgt slik at det blir synleg frå sørvest.




Areal nord for bom



Areal sør for bom

Areal nord for bom ved krysset mot Kvålstølen: I planutkastet er dette LNFR-område, men det er ikkje skravert som «Bevaring kulturmiljø». Dette området kan ved revidering av kommuneplan endrast til utbyggingsområde. Fjellstyret gjekk i sak 16/18 inn for at dette arealet skulle sikrast likt anna landbruksareal i resten av allmenningen. Grunngeving for at dette ikkje er sikra på same måten, er at det ved revidering av kommuneplan skal arealet lettare kan takast i bruk til byggeområde. Ca ¼ av arealet er dyrka opp og blir brukt til fôrdyrking. Delar av arealet er ikkje registrert som dyrkingsjord, men det meste er godt skikka til beite. Fjellstyret har hatt spørsmål om det mulig å få vist ut beiteareal i dette området. Utøving av beiting på Vaset er vanskeleg og det er derfor viktig å ta vare på areal som kan bli viktige for landbruksnæringa.

Ein del areal ved Gomostølen tilrådde fjellstyret i sak 16/18 at kunne nyttast til utbygging, men alt er ikkje forselege teke i bruk til utbygging.



I areal sør og vest for Brennabu forslø fjellstyret i sak 16/18 at det vart avsett areal til offentleg parkering. Det er viktig at det blir tilstrekkeleg med parkering som er open for alle. For tildeling av nye utbyggingsområde, kan grunneigar om nødvendig stille som vilkår å endre arealbruk til parkering i eldre reguleringsplaner. Det er viktig å sikre areal til offentleg parkering og dette burde vore sikra i ei overordna plan. Det mest naturleg område å sikre i denne planprosessen, er arealet sør og vest for Brennabu. Fjellstyret tilrådde 16/18 at dette arealet vart brukt til offentleg parkering.

Det er ikkje forslege endringar i sentrumsområde. Det er viktig at dette området består med slik formål som er planlagt (næring, ikkje kombinert fritid). Om ein opnar for «Fritid» har ein ikkje att areal til anna næring den dagen det blir behov for det på Vaset. Det er også viktig at friareal på nedsida av vegen mot Vasetvatnet blir ført vidare.

Stølsvegane er viktige for å kunne utnytte fjellet til både næring og fritid. Kommunen må avklare med stølsvegstyra kva som nødvendig massetak i framtida, slik at ein kan sikre areal til dette formålet. Det er mange massetak som stølsvegane brukar, men ut frå kartet er det vanskeleg å lesa kva som er lagt inn i planen. Det er eit demokratisk problem når det blir lagt ut eit så dårleg kartgrunnlag. Ved neste utlegging må dette rettast opp.

Fjellstyret kan etter fjellova § 35 føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning, etter at tomt er utvist av Statskog. Det føresett kommunal godkjenning i tillegg. Fjellstyret har sendt innspel om at det blir presisert i kommuneplan at slike bygg kan førast opp med dispensasjon utan krav om reguleringsplan. Formannskapet den 5.9.19 har i staden stadfesta at fjellstyrehytter kan førast opp innanfor LNFR-området med kode 248 annan fiskeri- og fangstbygning.

I framlegg til kommuneplan står det at: *Utbyggingsavtalane skal sikre anlegg av infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning og avlaup.* Statsallmenningen fungerer i praksis som friareal for

all hyttebygging i vestfjellet. Dette fører med seg utfordring for landbruket og særleg for utøving av beiteretten. Det har kome framlegg frå landbruksnæringa om å gjerde inn heile Vaset-området og andre plassar har dei også problem med at beitedyr dreg inn i hyttefelt på heimåsen. Det er absolutt nødvendig at det blir gjort tiltak for å sikre at ein kan utøve beiterett sjølv om kommunen satsar stort på hytteutbygging. Ved seinare utbygging må det bli eit krav om at beitenæringa blir tilgodesett med midlar til tiltak i utbyggingsavtaler, dette gjeld både ved utbygging i statsallmenningen og på privat grunn. Sidan allmenningen fungerer som friareal for all hyttebygging i vestfjellet, er det også naturleg at tiltak til friluftsliv i statsallmenningen kan sikrast i utbyggingsavtaler.

#### Framlegg til vedtak til sak 16/20:

Fjellstyret gir følgjande merknader til kommuneplan for areal i statsallmenningen:

- Fjellstyret støttar framlegg om maksimalt totalt bygningsareal for hytter, utanom Vaset, blir avgrensa til 100 m<sup>2</sup> BYA. Utanom hyttefelta Flydammen, Rislie og Baklie, tilrår fjellstyret at den enkelte hytte ikkje overstige eit areal på 80 m<sup>2</sup> BYA og ikkje har ei større mønehøgde enn 4,7 m. Gesimshøgde må reduserast i samsvar med storleik på hus.
- Det må presiserast at sanering av uthus utover maksimal arealgrense, ikkje gjev rett til å bygge på hytta tilsvarende.
- Feil med fastsetting av byggeområde for fritidsfester på meir enn 1 daa må rettast opp.
- I reglar om at sel på stølane skal følgje dei same reglar som gjeld for utnytting av fritidsbustader, må det presiserast reglane ikkje gjeld totalarealet for sel og kårsel. Maksimal storleik på kårsel kan vera tilsvarende det som normalt blir brukt for anneks.
- Arealet sør for bom ved krysset til Kvålsstølen må reduserast slik at hytter ikkje kjem over horisonten sett frå sørvest.
- Alt arealet nord for bom ved krysset mot Kvålsstølen må inngå i område «Bevaring kulturmiljø».
- Definerings av «fjellgrense» må avgrensast vestover langs gjeldande grense for utbygging i gjeldande kommunedelplan for Vaset.
- Areal til offentleg parkering må sikrast sør og vest for Brennabu.
- Fjellstyret forslår følgjande ny tekst i avsnitt om utbyggingsavtaler: Utbyggingsavtalane skal sikre anlegg av infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning, avlaup, tiltak til friluftsliv og tiltak for utøving av beite.
- Det er viktig at det blir sikra gode grusressursar til stølsvegane, men det er vanskeleg ut frå utsendt kart å avgjera kva som er teke med i planutkastet. Fjellstyret ber kommunen sørge for at stølsvegane får med nødvendig område til massetak.

#### Vedtak i sak 16/20:

Fjellstyret gir følgjande merknader til kommuneplan for areal i statsallmenningen:

- Fjellstyret tilrår maks mønehøgde på 4, 7 meter i heile statsallmenningen utanom Vaset. Gesimshøgde må reduserast i samsvar med storleik på hus.
- Det må presiserast at sanering av uthus utover maksimal arealgrense, ikkje gjev rett til å bygge på hytta tilsvarende.
- Feil med fastsetting av byggeområde for fritidsfester på meir enn 1 daa må rettast opp.
- I reglar om at sel på stølane skal følgje dei same reglar som gjeld for utnytting av fritidsbustader, må det presiserast reglane ikkje gjeld totalarealet for sel og kårsel. Maksimal storleik på hovudsel er inntil 100 m<sup>2</sup> og kårsel inntil 60 m<sup>2</sup>.
- Arealet sør for bom ved krysset til Kvålsstølen må reduserast slik at hytter ikkje kjem over horisonten sett frå sørvest.
- Alt arealet nord for bom ved krysset mot Kvålsstølen må inngå i område «Bevaring kulturmiljø».
- Definerings av «fjellgrense» må avgrensast vestover langs gjeldande grense for utbygging i gjeldande kommunedelplan for Vaset.
- Areal til offentleg parkering må sikrast sør og vest for Brennabu.
- Fjellstyret forslår følgjande ny tekst i avsnitt om utbyggingsavtaler: Utbyggingsavtalane skal sikre anlegg av infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning, avlaup, tiltak til friluftsliv og tiltak for utøving av beite.
- Det er viktig at det blir sikra gode grusressursar til stølsvegane, men det er vanskeleg ut frå utsendt kart å avgjera kva som er teke med i planutkastet. Fjellstyret ber kommunen sørge for at stølsvegane får med nødvendig område til massetak.

### Ny saksutgreiing til 2. offentleg ettersyn:

Kommunestyret har behandla kommuneplan i sak 21/21 og vedteke å leggja planen ut til offentleg ettersyn. Frist for uttale er 26.8.21 og fjellstyret har fått utsett frist til 3.9.21.

Frå kommunen si saksbehandling til fjellstyret sine merknader i sak16/20:

*Innspel B-87 - Vestre Slidre fjellstyre*

*Ang. at fjellstyret ynskjer å sette mønehøgde til maks 4,7 meter på fritidsbustader som ligg innanfor statsalmenninga, men utanfor regulert område: I forslaget som vart lagt ut på 1. høyring, er det ikkje regulert særskilt mønehøgde i bestemmelsesområde 2, som er statsalmenninga utanom Vaset. Administrasjonen vurderer det slik at når ein no har forvalta bygging med mønehøgde 5,0 meter i fleire år, så har dette vore vellykka. Det var svært mange søknader om dispensasjon då mønehøgda var 4,5 meter, men etter at det vart tillete gjennom dispensasjon å bygge 5,0 meter, aksepterer dei fleste dette. Ein må og vere klar over at dette er 5,0 meter over snitt av planert terreng, og ikkje over grunnmur. Administrasjonen foresler her at ein innfører eigen mønehøgde i føresegnene for fritidsbustader i statsalmenninga utanom Vaset, sett til 5,0 meter. Dette tek høgde for nyare isolasjonskrav i TEK17.*

INNARBEIDD

*Ei presisering om at sanering av bebygd areal som overstig tilleten utnyttingsgrad ikkje gjev rett til å bygge opp att arealet, foreslår administrasjonen vert teke med som i gjeldande kommuneplan.*

INNARBEIDD

*Til størrelse på byggeområde på arealfeste: Byggeområda er lagt ut tilsvarande slik festet ligg i matrikkelen. Det er nok nokre som då er over 1000 kvadratmeter, slik fjellstyret påpeikar. Dei fleste festene har ein 8-kanta markering på 1000 kvadratmeter. Statskog har godtake at det vert bygd t.d. uthus utan eigen festekontrakt og eige festenummer på dette. Visse punktteste, særleg eldre, har ei større utbreiing mop. bygningar og deira plassering i forhold til hytta. Desse festa har av forvaltningsomsyn vorte lagt inn på ein slik måte at alle bygg kjem innanfor den fiktive festegrensa i matrikkelen. Ved å legge ut byggeområde på eit areal som tilsvarar denne fiktive grensa (eventuelt unnatake areal med spesielle omsyn) kan ein framleis nytte arealet som i dag mop til dømes byggetiltak. Men det går fram av føresegnene §4.7 at ved overgang frå punktteste til arealfeste, der arealfestet blir over 1000 kvadratmeter, og nokre andre tilfelle, må det til dispensasjon etter PBL. Sjå elles under vurderinga av Statskog sitt innspel under (B107). Dette har å gjere med rettsverknad, og ein bør difor og ha med henvisning til §4.7 under § 2.1.1.*

INNARBEIDD

*Det er eit godt innspill at og kårstel på stølar får ei grense for størrelse, og 60 kvadratmeter vurderast til å vere ei god grense. Dette blir då take inn i føresegnene § 7.2.1.1. INNARBEIDD Arealet sør for bom (A28A) er føreslege teke ut: sjå vurdering under Fylkesmannen sitt innspel. Fjellstyret har rett i at arealet nord for bommen omfattast av «Utvalde Kulturlandskap», som representerer denne hensynssona. Hensynssona vert å legge inn og på dette arealet.*

INNARBEIDD

*Offentlig parkering ved Brennabu, innanfor dagens sentrumsplan. Dette er naturleg å løyse i ei eventuell revidering av sentrumsplanen. Blant anna er delar av arealet her i gjeldande plan avsett til alpinformål/tilbringarheis. Det er difor fleire avklaringar som må gjerast, som høyrer heime i ei reguleringsplan framfor ei kommuneplan. Når det gjeld næringsarealet knytt til «handlegata» så foreslår adm at dette bli gjort om til LNFR-areal att no når sentrum blir definert lengre ned. Ut over dette blir gjeldande reguleringsplan for Vaset sentrum oppretthalden.*

INNARBEIDD

*Grusressursane for stølsvegane når det gjeld dei større massetaka skal vere betre definert no*

*Når det gjeld fjellstyrehytter, så er dispensasjon det logiske verktøyet å nytte når slike skal byggast. Men det vil vere uheldig å peike på dispensasjon som verktøyet i føresegnene – dette må vurderast konkret frå gong til gong. Hensikta med ei fjellstyrehytte kan vere avgjerande for korleis ein handsamar ein søknad.*

*Når det gjeld utbyggingsavtaler etter plan- og bygningslova, så er det eit begrensa handlingsrom for kva slags tiltak som kan regulerast i slike avtaler. Tiltaka i ein utbyggingsavtale skal vere knytt direkte til ting som er naudsynte for den konkrete utbygginga. Administrasjonen er ikkje negative til at beitenæringa og tiltak for friluftslivet vert teke hensyn til i samband med utbygging, men dette høyrer ikkje med i ei utbyggingsavtale etter PBL kap. 17.*



### Vurdering til sak 31/21:

I sak 16//21, om uttale til oppstart for reguleringsplan for Brennabu, gjorde fjellstyret vedtak om ikkje å gi uttale. Grunngeving for dette var at ein ville hindre å bli kjent inhabile når saka kjem til behandling i kommunestyret. I sak om kommuneplan er ein alt kjend inhabil. Det er derfor ikkje aktuelt å avstå frå å gi uttale til kommuneplanen.

Det er ein del endringar på nye utkastet som er ute til høyring. Det meste av merknadane til fjellstyret frå vedtak 16/20 er delvis eller heilt teke omsyn til. Dette gjeld både storleik på stølshus, bruk av areal m.m.

For stølshus eldre enn 1950 er det krav om at vindauge, tak og kledning skal takast vare på og ikkje endrast. Når det er nødvendig med endringar kan det brukast gode kopiar, etter høyring hjå regional kulturminneforvaltning. Dette er eit relativt strengt krav som set strenge føringar på eldre stølshus. Her bør ein kunne endre teksten til «bør» i staden for «skal». Det er ikkje lagt opp til ulike reglar for utforming av hytter og sel. Stølshus har normalt ein enklare utforming og det kunne vore aktuelt å krevja at hytter i stølslandskapet skulle underordne seg stølspreget. På den andre sida er det kanskje rett at hytter ikkje blir «stølskopiar». Administrasjon har ikkje lagt fram noko framlegg på dette temaet.



Administrasjon er ikkje eining i at utvalte kulturlandskap (UKL) skal vera det formelle grunnlaget for reguleringar i kommuneplanen. UKL er eit områdetiltak i form av ei tilskotsordning for å sikre vidare drift i kulturlandskapet og det er ikkje eit vernetiltak. Ved etablering av UKL var fylkesmannen var svært klar på at ordninga ikkje skulle brukast til verneformål eller grunngeving for andre reguleringar. Formål med UKL Stølsvidda: *Bidra til å opprettholde et stølspåvirka kulturlandskap i Ulnes og Svennes sameiger gjennom aktiv stølsdrift og bruk av utmarksbeite, herunder medvirke til at disse driftsformer blir økonomisk interessante for gardbrukerne og et miljøgode for allmennheten.* Det er derfor feil å knytte regulering i kommuneplan dirkekte opp mot UKL. Regulering i kommuneplan og tilskotsordning i UKL har det same grunnlaget, dvs. at statsallmenningen har eit svært viktig kulturlandskap. Dette går også fram av reguleringane i noverande kommuneplan, som vart vedteke lenge før UKL vart etablert. Grunngevingar for reguleringar i kommuneplanen grunna UKL, bør erstattast med grunna at det er eit viktig kulturlandskapet i statsallmenningen.

Fjellstyret sitt framlegg om at utbyggingsavtaler må brukast til tiltak til friluftsliv og tiltak for utøving av beite er ikkje teke med i planforslaget. Kommunal saksbehandlar grunnjev dette med at lovverket set klare rammer for kva som kan regulerast i utbyggingsavtaler. Det skjer ei storstilt utbygging for turisme i kommunen og statsallmenningen blir bruk som friareal. Det er 2600 hytter i kommunen i dag. Ved dei nye tomter som er planlagt og inkludert godkjente ubebygde tomter, så vil talet på hytter bli det dobbelte av det det er i dag. Dagens utbygging har alt ført til stor ulempe for utøving av beiteretten og med planlagt auka utbygging vil dette problemet forsterke seg. Det er derfor nødvendig at det blir gjort tiltak for beite og friluftsliv. I utbyggingsavtaler har det på frivillig basis vore praktisert å ta med tiltak som går ut over det som er nødvendig for gjennomføring av planen. Det bør derfor framleis vera rom for å få dette med i avtaler på frivillig basis. Ynskjer ikkje kommunen å bruke frivillige avtaler for å sikre at auka utbygging ikkje øydelegg for beitenæringa, må kommunen sikre beitenæringa på andre måtar. Dette må kommunen snarleg ta stilling til. Etter fjellova §12 kan ikkje tiltak i statsallmenning gjennomførast dersom dei er til vesentleg skade for bruksretten. Fjellstyret kan etter §12 be om skjønn for å få avgjort om tiltak er til vesentleg skade for bruksretten. Det vil vera aktuelt for fjellstyret å nytte denne retten dersom ikkje kommunen gjer avbøtande tiltak for utøving av beiteretten.

Arealet rundt fjellstyret sitt lager er markert som sentrumsområde. På spørsmål om kvifor det er lagt inn markering for sentrumsområde, svarar sakabehandlar følgjande: *Sentrumsområde vart ein sekkepost for ulike kombinerte føremål sentralt på Vaset. Gjer vel ingenting om det skulle kome ein forretning her?* Tilfeldig parkering ved lageret gjer at det i dag kan vera vanskeleg å kome inn og ut av lageret med hengar. Ved sidan av lageret ligg det dessutan eit fritidsfeste. Arealet rundt lageret er derfor ikkje skikka til forretning. Arealet langs elva bør reserverast for friluftsliv/landbruk og dessutan gjer sterk helling det lite skikka til utbygging. Alt arealet sør for elva bør derfor gå ut som «sentrumsområde».



I nytt planutkast er det teke inn bustadfelt B21 på tilleggsjord 94/1/755 og sør mot 94/1/787. Arealet lengst nord er fulldyrka og omtrent alt resterande areal er dyrkbar. Dyrka (merka gult) og dyrkbar areal (raud skravur) bør ikkje takast i bruk til utbyggingsformål og B21 bør derfor gå ut. I eksisterande kommuneplan var det avsette ei utviding av eksisterande bustadfelt på ca. 30 daa (B1). Dette er no teke ut av planen. Alternativt kan det arealet i B1 som ikkje er dyrkbar førast vidare i ny kommuneplan. Formannskapet har i sak 37/16 gjort eit prinsippvedtak at det meste av dette arealet skulle gå tilbake til LNFR-område, medan ein mindre del skulle behaldast som bustadfelt og ein del regulerast til fritidsfeste. Vedtaket er ikkje følgt opp i planutkast som er til høyring.



#### Framlegg til vedtak til sak 31/21:

Fjellstyret gir følgjande uttale til kommuneplan:

1. Fjellstyret opprettheld følgjande framlegg til ny tekst i avsnitt om utbyggingsavtaler:  
*Utbyggingsavtalane/private avtaler skal sikre anlegg av infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning, avlaup, tiltak til friluftsliv og tiltak for utøving av beite.* Om kommunestyret vel å ikkje ta med tiltak for beiteinteressene som grunnlag for utbyggingsavtaler, må kommunen må snarleg ta stilling til korleis ein skal sikre beiteinteressene ved auka utbygging. Dersom kommunen ikkje gjer avbøtande tiltak, vil fjellstyret vurdere å be om skjønn etter §12 i fjellova for å få vurdert om tiltaka er til vesentleg skade for bruksretten slik at utbyggingstiltak ikkje kan gjennomførast.
2. Det er for strenge føringar på utforming av sel (punkt 7.2.1.1). I siste avsnitt, 3. setning bør teksten endrast til «bør» i staden for «skal».
3. Grunngevingar for reguleringar i kommuneplanen grunna «utvalte kulturlandskap» UKL, må erstattast med at det er på grunn av det viktige kulturlandskapet som er i statsallmenningen. UKL er ei tilskotsordning og er ikkje grunnlag eit vernetiltak eller andre reguleringar.
4. Sentrumsområde på Vaset sør for elva langs Båtånvegen må gå ut fordi arealet ikkje er skikka til sentrumsformål.
5. Bustadfelt B21 bør gå ut fordi arealet hovudsakleg er dyrka og dyrkbar jord. Alternativt kan bustadområde erstattast med B1 i noverande plan om delen som er dyrkbar går ut.

#### Vedtaket i sak 31/21:

Fjellstyret gir følgjande uttale til kommuneplan:

6. Fjellstyret opprettheld følgjande framlegg til ny tekst i avsnitt om utbyggingsavtaler:  
*Utbyggingsavtalane/private avtaler skal sikre anlegg av infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning, avlaup, tiltak til friluftsliv og tiltak for utøving av beite.* Om kommunestyret vel å ikkje ta med tiltak for beiteinteressene som grunnlag for utbyggingsavtaler, må kommunen må snarleg ta stilling til korleis ein skal sikre beiteinteressene ved auka utbygging. Dersom kommunen ikkje gjer avbøtande tiltak, vil fjellstyret vurdere å be om skjønn etter §12 i fjellova for å få vurdert om tiltaka er til vesentleg skade for bruksretten slik at utbyggingstiltak ikkje kan gjennomførast.
7. Det er for strenge føringar på utforming av sel (punkt 7.2.1.1). I siste avsnitt, 3. setning bør teksten endrast til «bør» i staden for «skal».
8. Grunngevingar for reguleringar i kommuneplanen grunna «utvalte kulturlandskap» UKL, må erstattast med at det er på grunn av det viktige kulturlandskapet som er i statsallmenningen. UKL er ei tilskotsordning og er ikkje grunnlag eit vernetiltak eller andre reguleringar.

9. Sentrumsområde på Vaset sør for elva langs Båtånvegen må gå ut fordi arealet ikkje er skikka til sentrumsformål.
10. Bustadfelt B21 bør gå ut fordi arealet hovudsakleg er dyrka og dyrkbar jord. Alternativt kan bustadområde erstattast med B1 i noverande plan.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.9.21

I følge forvaltningsloven er dette ikkje enkeltvedtak og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Harald Ranum  
Sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog